

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	18/741

Saknr	Utval	Type	Dato
021/2018	Kraftfondsstyret	PS	13.12.2018
074/2018	Kommunestyret	PS	13.12.2018

Søknad om støtte gjennom kraftfondet til oppstart av kystgeit - Linda I. Hansson

Vedlegg:

Journalposttittel
Kraftfondet

Dato
23.10.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje gitt støtte gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt kystgeit

Støtte til prosjektet vert vurdert opp i mot tidlegare års avsette fondsmidlar landbrukstiltak

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om tilskot gjennom kraftfondet med kr. 150.000 som delfinansiering av investeringa knytt til oppstart kystgeit.

Høyring

Søknaden er sendt over til landbrukskontoret for vurdering/uttale

Uttale

Landbrukskontoret er positive til søknaden. Dette er nye, unge og ivrige søkjarar som vil driva eit lite bruk. Her er det konkrete planar om attåtnæringar som kan gje positive ringverknadar, men dei har enno ikkje byrja søkja produksjonstilskot. Dette kjem 01.03.2019

Fakta

Viser til søknad som følgjer som saksvedlegg

Nokre fakta saksa frå vedtektene og retningsliner for bruken av kraftfondet

§ 2 Føremål

- Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune.
- Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast.
- Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemder og kommunen.
- Verksemder som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast. (herunder landbruk)
- Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

§ 5 Vilkår for stønad

Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Til § 2 Føremål

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt.

Kommunen har ca. kr. 100.000 til rest tildeling i 2018, og har 4 søknader som skal handsamast no i desember.

Vurdering

Ut i frå normal praksis med inntil 25% tilskot vert sum tilskot inntil kr. 75.000

Landbruk har vi halde utanom støtte frå kraftfondet

Kraftfondet sette av ein pott på kr. 100.000 til landbruksføremål for nokre år sidan, denne står urørt – og naturleg å kople søknaden til denne løyvinga, og om ein ønskjer å støtte prosjektet tilrår ein at denne potten vert brukt, og at det ikkje vert gitt tilskot via kraftfondet

Konklusjon

Det vert ikkje gitt tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt.

Prosjektet får støtte gjennom tidlegare års avsetjing frå kraftfondet til landbruksføremål

Kraftfondsstyret - 021/2018

KRFT - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - vedtak:

Det vert ikkje gitt støtte gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt kystgeit

Støtte til prosjektet vert vurdert opp i mot tidlegare års avsette fondsmidlar landbrukstiltak

Kommunestyret - 074/2018

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Det vert ikkje gitt støtte gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt kystgeit

Støtte til prosjektet vert vurdert opp i mot tidlegare års avsette fondsmidlar landbrukstiltak